



Gtt Maritime Georg Toppe Thunold
Husebøvegen 104
5917 ROSSLAND

Referanser:

Dykkar:

Vår: 18/2654 - 18/25378

Saksbehandlar:

Laila Bjørge

laila.bjorge@meland.kommune.no

Dato:

03.12.2018

Godkjenning av statstilskot til grøfting 2018 på GBNR 54/4 på Husebø

Administrativt vedtak. Saknr: 331/2018

Saksutgreiing:

Georg Toppe Thunold søkte 14.11.18 om statstilskot til 150 meter grøfting på GBNR 54/4. Vedlagt til søknaden låg kart og grøfteplan som syner at det er 100 meter lukka grøft og 50 meter open grøft. Arealet som vert omfatta er om lag 4 daa, og det er mellom anna vatn frå oppkomme som skal ledast vekk i grøfta, slik at jordbruksarealet vert lettare å driva. Det er ikkje registrert at tiltaket kan vera til skade for kulturminne, naturmangfald, avrenning, naboforhold eller allmenta.

Søknaden er sendt på høyring til kulturminnestyresmaktene, med høyringsfrist 27.12.18. For å få søknaden inn på løyvinga for 2018 vel kommunen å fatta vedtak om tilskot på vilkår om at fylkeskommunen ikkje har merknader til tiltaket.

Saka er handsama etter delegert mynde frå kommunestyret. Kommunen avgjer søknaden, men fylkesmannen står for utbetaling av tilskotet.

Vurdering:

Tiltaket vil gje ei generell forbetring av jord- og plantekultur, noko som kan gje større avlingar av betre kvalitet. Drenering vil kunne betre utnytting av gjødsel og dermed bidra til mindre avrenning av nærings salt og redusert utslepp av klimagassar. Tiltaket vil gje dyra betre tilkomst til driftsbygning.

Berekning av tilskot

Det er søkt om tilskot til 150 meter grøft. 100 meter skal vera lukka og 50 meter open grøft. 150 meter 'a kr 30/lm grøft. Sum tilskot vert 4 500,- Arealet som vert omfatta av grøftinga er om lag 4 daa.

Kulturminne

Søknaden er sendt på høyring til Hordaland Fylkeskommune for å undersøkje om tiltaket kan vera i strid med kulturminneloven etter råd frå kommunal kulturkonsulent. Husebø er ei svært gamal jordbruksbygd og høgde over havet gjer at det kan vera potensiale for funn. **Fylkeskommunen har høyringsfrist til 27.12.18,**

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no

Postboks 79, 5906 Frekhaug

Besøksadr: Havnevegen 41 A

5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no

Telefon +47 56 17 10 00

Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 98 36413

Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

og vedtaket vert gjort på vilkår av at tiltaket ikkje vert sett i gong innan denne fristen og at fylkeskommunen ikkje har innvendingar til tiltaket.

Søklar oppgjer i si miljøvurdering at det ikkje er kjende kulturminne på arealet som skal drenerast. Kommunen har søkt i tilgjengelege databasar for kulturminne og ikkje funne at det er noko konflikt mellom den planlagt grøftinga og kulturminnelova. Dette er vedlikehald av eksisterande grøfter.

Me gjer likevel merksam på meldeplikta etter kulturminnelova §8, 2. ledd . Dersom automatisk freda kulturminne som gjennstandsfunn, flekkar med trekol eller konstruksjonar blir avdekt under gjennomføring av tiltaket, må dette straks meldast til Hordaland fylkeskommune, og alt arbeidet stansast til rette forvaltningsmyndighet har vurdert funnet.

Under arbeidet må ein ta omsyn til steingardar og andre kulturminne.

Naturmangfaldlova.

Det er gjort søk i Naturbasen og det er ikkje registrert opplysningar om artar eller naturtypar , som kjem i konflikt med dreneringa. Ut frå dette ser ikkje kommunen at grøftinga vil medføra skade på viktige naturverdiar. Kommunen vurderer kunnskapsgrunnlaget som tilstrekkeleg opplyst med tanke på konsekvensar dreneringa kan ha for naturverdiar. Administrasjonen kan ikkje sjå at dreneringa vil ha andre negative verknader som auka fare for flom eller ureining av vatn.

Generelt gjeldt det at alle inngrep som vert gjort i samband med dreneringa skal utførast mest mogleg varsamt om med omsyn til terreng og vegetasjon. Ut frå ei samla vurdering meiner administrasjonen at det er tatt naudsynt omsyn til naturmangfaldet jf. 8-12 i naturmangfaldlova.

Konklusjon

Drenering er eit viktig klima- og miljøtiltak, og tiltaket vil gjer lettare arbeidstilhøve og større avling av betre kvalitet. Det er ikkje registrert at tiltaket kjem i konflikt med viktige natur- og kulturverdiar.

Administrasjonen meiner tiltaket er i tråd med føremålet til forskrift om tilskot til drenering av jordbruksjord og løyver kr. 4 500,- i statstilskot i grøftinga.

Vedtak

Meland kommune løyver inntil kr 4500,- i statstilskot til inntil 150 meter grøfting på GBNR 54/4 til Georg Toppe Thunold med føretak 992161892 i tråd med søknad motteke 14.11.18. Vedtaket har heimel i forskrift om drenering av jordbruksjord §§3-5 (av 25.juni 2013) jf § 18 i jordlova, forskrift om produksjonstilskot § 4 og naturmangfaldlova §§ 8-12.

Arbeidsfrist er sett til 31.12.2021

Generelle vilkår for løyvinga:

Arbeidet må ikkje setjast i gang før høringsfrist til Hordaland fylkeskommune er ute 27.12.18, og at Hordaland fylkeskommune ikkje har innvendingar til tiltaket i høve til kulturminnelova.

Dersom ein under gjennomføring av tiltaket støyter på automatisk freda kulturminne, skal arbeidet stansast og regional kulturminneforvaltning kontaktast.

Kommunen skal godkjenna arbeidet, gje difor melding til kommunen når arbeidet er ferdig. Minst 30 % av tilskotet skal haldast attende til tiltaket er ferdig.

Dersom det oppstår tilhøve som er i strid med føresetnadane for støtte kan Meland kommune avgjera att tilskot skal betalast tilbake heilt eller delvis.

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til Fylkesmannen i Hordaland, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Laila Bjørge
landbrukssjef

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Fylkesmannen i Hordaland

Postboks 7310

5020

BERGEN

Mottakere:

Gtt Maritime Georg Toppe Thunold Husebøvegen 104 5917

ROSSLAND